



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Oppnemning av setjestatsforvaltar - Alver - 236/20 - Askvik – dispensasjon for oppføring bustadhus

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 29.10.2021. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet og pbl. §1-8 for oppføring av bustadhus og endra bruk av vegtilkomst på gnr. 236 bnr. 20.

Alver kommune gav avslag på søknad om dispensasjon i administrativt vedtak 018/21, datert 10.02.2021.

Vedtaket vart klaga på av Kålås bygg AS i brev datert 13.03.2021.

Utval for areal plan og miljø handsama klage i møte 23.06.2021, sak 104/21. Klagen vart tatt til følgje og det vart gjeve dispensasjon for bustadhus og endra bruk av vegtilkomst.

Statsforvaltaren i Vestland klaga på nytt vedtak i brev datert 06.07.2021.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 13.10.2021 med saknr. 151/21, der Alver kommune sitt vedtak i møte den 23.06.2021, sak 104/21, vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje

Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42, i brev datert 20.08.2021.

Statsforvaltaren ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

KÅLÅS BYGG AS Torvhusmyrane 2 5913 EIKANGERVÅG